



# Innst. 381 S

(2011–2012)

## Innstilling til Stortinget frå transport- og kommunikasjonskomiteen

Prop. 116 S (2011–2012)

### **Innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen om samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 60/2012 av 30. mars 2012 om innlemmelse i EØS-avtalen av direktiv 2011/15/EU om opprettelse av et trafikkovervåkings- og informasjonssystem for skipsfarten**

Til Stortinget

#### **Samandrag**

EØS-komiteen besluttet 30. mars 2012 (beslutning nr. 60/2012) å endre EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport) kapittel V (sjøtransport) ved innlemmelse av direktiv 2011/15/EU om endring av direktiv 2002/59/EF om opprettelse av et trafikkovervåkings- og informasjonssystem for skipsfarten.

Direktiv 2011/15/EU innebærer blant annet at myndighetenes mulighet til å gripe inn ved havari eller fare for havari blir klarere. Formålet med denne endringen er å bidra til økt sikkerhet for fartøy og mennesker i situasjoner hvor det benyttes slepebåt- og hjelpemannskap, samt å redusere risikoen for skade ved forurensning fra skip.

Fiskeri- og kystdepartementet tilrår godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 60/2012 av 30. mars 2012 om innlemmelse i EØS-avtalen av direktiv 2011/15/EU om et trafikkovervåkings- og informasjonssystem for skipsfarten. Utenriksdepartementet slutter seg til dette.

I og med at gjennomføringen av direktivet nødvendiggjør lovendringer, er Stortingets samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nødvendig iht. Grl. § 26 annet ledd.

#### **Noe om direktivet**

Direktiv 2011/15/EU endrer blant annet kravene til hvilke fartøy som skal ha automatiske identifikasjonssystemer (AIS) og systemer for registrering av reisedata (VDR). Kretsen av skip som skal ha VDR utvides.

Direktiv 2011/15/EU endrer vedlegg IV til direktiv 2002/59/EF. Endringen gjelder tiltak en kyststat kan iverksette for å avverge skader ved skipshavari eller fare for havari. Den sier at dersom et skip berges i henhold til en bergings- eller redningsavtale, kan de tiltak som er truffet av vedkommende myndigheter i en medlemsstat i henhold til bokstav a) og d), også omfatte de involverte hjelpe-, rednings- og bergings-tjenestene.

I bokstavene a og d er det opplistet hvilke tiltak og pålegg en medlemsstat skal kunne iverksette. I nærmere angitte situasjoner kan den kompetente myndigheten i medlemsstaten, innenfor rammene av folkeretten:

- Gi påbud om skipets bevegelser.
- Pålegge kapteinen å søke nødhavn eller påby losing eller slep av skipet.

Adgangen til å iverksette tiltak overfor fartøy i fare er regulert i havne- og farvannsloven § 38.

Fiskeri- og kystdepartementet legger parallelt frem en lovproposisjon med de nødvendige lovendringene, jf. Prop. 115 L (2011–2012). Videre må forskrift 13. juni 2000 nr. 660 endres slik at den er i samsvar med kravene som følger av direktiv 2011/15/EU. De nødvendige endringer vil bli foretatt av Nærings- og handelsdepartementet/Sjøfartsdirektoratet.

Gjennomføringen av direktivet kan medføre at myndigheten til å gi pålegg blir noe utvidet i de tilfel-

lene der skipet representerer en sikkerhetstrussel, men det antas at endringen ikke vil medføre nevneverdige økonomiske og eller administrative konsekvenser for det offentlige.

### **Merknader frå komiteen**

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Anne Marit Bjørnflaten, Susanne Bratli, Freddy de Ruiten, Siri Hov Eggen, Magne Rommetveit og Tone Merete Sønsterud, frå Framstegspartiet, Jan-Henrik Fredriksen, Åshild Karoline Haugland, Bård Hoksrud og Arne Sortevik, frå Høgre, Øyvind Halleraker, Lars Myraune og Ingjerd Schou, frå Sosialistisk Venstreparti, Hallgeir H. Langeland, frå Senterpartiet, Janne Sjelmo Nordås, og frå Kristeleg Folkeparti, leiaren Knut Arild Hareide, har merka seg at føremålet med endringa er å medverka til auka tryggleik for fartøy og menneske i situasjonar der det vert nytta slepebåt og hjelpemannskap, og å redusera risikoen for skade ved forureining frå skip.

Komiteen registrerer at Utanriksdepartementet sluttar seg til Fiskeri- og kystdepartementet si tilråding om å godkjenne EØS-komiteen si avgjerd om innlemming av direktivet om eit trafikkovervåkings- og informasjonssystem for skipsfarten i EØS-avtalen.

Komiteen vil spesielt peika på at det nå vert endra krav til kva fartøy som skal ha automatiske identifikasjonssystem (AIS), og at krinsen av skip med system for reisedata (VDR), vert utvida. I aktuelle situasjonar vil medlemsstaten også kunna gje påbod om skipet sine rørsler og påleggja kapteinen å søka naudhamn eller gje påbod om losing eller slep av skipet.

Komiteen viser til at det parallelt vert fremja ein lovproposisjon frå Fiskeri- og kystdepartementet

med dei naudsynte lovendringane. Naudsynte endringar av forskriftene vil bli gjort av Nærings- og handelsdepartementet/Sjøfartsdirektoratet som forvaltar dei.

Komiteen har merka seg at gjennomføringa av direktivet kan medføra at mynde til å gje pålegg vert noko utvida i dei tilfella der skipet representerer ein tryggleiksrisiko, men at endringa ikkje vil innebera nemneverdige økonomiske og/eller administrative konsekvensar for det offentlege.

### **Fråsegn frå utanriks- og forsvarskomiteen**

Utanriks- og forsvarskomiteen gir slik fråsegn i brev datert 6. juni 2012:

«Utanriks- og forsvarskomiteen viser til transport- og kommunikasjonskomiteens utkast til innstilling datert 5. juni 2012 og til de respektive partiers merknader vedrørende Prop 116 S (2011-2012) Samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 60/2012 av 30. mars 2012 om innlemmelse i EØS-avtalen av direktiv 2011/15/EU om opprettelse av et trafikkovervåkings- og informasjonssystem for skipsfarten.

Utanriks- og forsvarskomiteens medlemmer slutter seg til transport- og kommunikasjonskomiteens utkast til innstilling til Prop 116 S (2011-2012) og har ingen ytterligere merknader.»

### **Tilråding frå komiteen**

Komiteen viser til proposisjonen og merknadene og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

Stortinget samtykker i godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 60/2012 av 30. mars 2012 om innlemmelse i EØS-avtalen av direktiv 2011/15/EU om opprettelse av et trafikkovervåkings- og informasjonssystem for skipsfarten.

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 7. juni 2012

**Knut Arild Hareide**

leiar

**Magne Rommetveit**

ordførar